




SIM
transport AS



SIM

Innhald

Nok eit godt driftsår	3
SIM fram til i dag	4
Føremålet med selskapet	5
Organisering	6
Eigarinteresser og dotterselskap	9
Styret si årsmelding	10
Driftsmessige tilhøve	12
Avfallsmengder	14
Attvinning	16
Renovasjonsgebyr	18
Resultatrekneskap	20
Balanse	21
Kontantstraumoppstilling	23
Konsernrekneskap	24
Konsernbalanse	25
Kontantstraumoppstilling	27
Notar	28
Revisjonsmelding	35
Sigevatn, grunnvatn og overflatevatn	36

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS



Svartasmoget
N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60
E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as
Foretaksnr.: NO 958 284 837 MVA

Eigarkommunar:

Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad,
Stord, Sveio og Tysnes.

Innbyggjarar: 55 577

Abonnentar: Hus: 22 194 / Hytter: 5 963

Abonnentar som heimekomposterer: 4 243

Avfall per innbyggjar i 2006: 366 kg

Kundar med slamavskiljar: 11 132

I redaksjonen: Torleiv Agdestein
Bilete: Torleiv Agdestein
Grafisk produksjon: Prosjekt kopi Vest AS
Trykk: A1 Stord Grafisk
Opplag: 400
Trykt på resirkulert papir:
Cyclus 115 g, 200 g på omslaget

Nok eit godt driftsår

2006 var eit godt driftsår for SIM. Både deponiet og komposteringsanlegget mottok større mengder enn budsjettert. Dermed vart det lågare behandlingstkostnader enn rekna med, og overskot på den kommunale renovasjonen. Overskotet står førebels på fond, og vil med tida koma kundane til gode.

Kundeundersøkinga gav oss gode skussmål. Ja, faktisk så gode at den største utfordringa frametter blir å oppretthalda det gode inntrykket folk har av selskapet og tenestene våre. Ingen andre av renovasjons-selskapa som var med i undersøkinga har så nøgde kundar som SIM, viser det seg. Kundane våre er også mest nøgd med oppsamlingssystemet for dagleg avfall. Og heile 97 % seier dei har motteke informasjon om selskapet eller avfallsordninga det siste året, og at dei er nøgde med informasjonen.

Også Norsk Renholdsverksforening si renovasjonsbenchmarking var

positiv for vår del. SIM vart rangert som nr. ein av dei 15 selskapa som var med. Me var best på effektivitet og kundetilfredshet, god på kvalitet og einingskostnad og middels på arbeidsmiljø. Selskapa som var med i undersøkinga representerer halvparten av innbyggjarane i landet.

Skuleprosjektet går sin gang. I 2006 var 750 elevar på fjerdetrinnet på besøk i Svartasmoget for å læra om kjeldesortering, attvinning og berekraftig utvikling. I haust spurde me lærarane kva dei meinte om opplegget. Tilbakemeldingane var gode. Dette likte dei, dette ville dei ha meir av. Og til våren står nye klassar i kø.


På oppmoding frå styret starta me arbeidet med å revidera forskriftene for innsamling av hushaldsavfall og tømning av slamtankar. Bakgrunnen for revisjonen er at forskriftene ikkje lenger er i tråd med forureiningslova. Så langt er grunnarbeidet gjort, og me har håp om å få forskriftene

vedtekne politisk i alle SIM-kommunane i løpet av 2007.

Oppi alt dette positive skal me ikkje løyna at det har vore skjer i sjøen. Transportøren har hatt bemanningsproblem, slik arbeidsmarknaden har utvikla seg. Dette har gjeve oss utfordringar på innsamlingsrutene, men ikkje verre enn at situasjonen ved tampen av året ser ut til å vera under kontroll.

Det er grunn til å sjå lyst på framtida. Selskapet har trygg økonomi og kompetente medarbeidarar. Me skal greia å takla dei utfordringane som måtte koma, til beste for kundane og selskapet.

Til slutt vil eg få takka samarbeidspartnerar, medlemskommunar, kundar og tilsette for godt samarbeid i 2006.



Terje Gilje
dagleg leiar



SIM fram til i dag

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) er ei moderne avfalls- og attvinningsverksemd. Selskapet vart stifta i mai 1990 og er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Hovudanlegget ligg i Svartasmoget i Fitjar kommune.

I 1997 skipa SIM det heileigde dot-terselskapet SIM Næring AS. Selskapet skal ta seg av avfall frå industri og næringsliv og andre oppgåver som er konkurranseutsette.

I 2001 skilde SIM Næring AS ut transportdelen av drifta i eit eige selskap, SIM Transport AS. Dette

selskapet har ein stor del av verksemda si på Haugalandet, særleg Karmøy. Målsetnaden er å bli dyktig på transport av avfall, og å reindyrka denne aktiviteten.


SIM har ansvar for innsamling av alt forbruksavfall og slam frå dei 55 577 innbyggjarane og 15 – 20 000 hyttebrukarane i medlemskommunane. I alle kommunane er det kjeldesortering, med eigne dunkar for bio-, papir- og restavfall.

Det er bygd bemanna miljøsentralar som innbyggjarane i alle kommunane kan gjera seg nytte av. Det finst også ein del bringepunkt for mottak av glas og hermetikkboksar.

Hushalda kan sortera ut farleg avfall, EE-avfall, trevirke, metall, plast, hageavfall og meir. Dette avfallet må abonnentane sjølve levera til miljøsentralane.

I Svartasmoget er det administrasjonsbygg, deponi, miljøsentral og hall og utstyr for kompostering av våtorganisk avfall, i tillegg til anlegg for mottak og handsaming av avløpslam.

SIM legg vekt på førebyggjande tiltak for å redusera miljøforureining av luft, vatn og nærområde. Selskapet arbeider for å oppfylle nye miljøkrav og å utnytta ressursane i avfallet.



Føremålet med selskapet

I paragraf 2 i vedtektene heiter det at føremålet med selskapet er:

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
3. Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidare-
sending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon
eller gjenvinning.
4. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallsbehandlinga. Selskapet skal
vidare, i nært samarbeid med kommunane, informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet. I
informasjonsarbeidet skal det leggjast vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfalls-
behandlingsmetodar.
5. Selskapet skal, der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap
med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar, t.d. når det gjeld attvinning.
6. Selskapet har ikkje erverv til føremål.



Kompostanlegget i Svartasmoget tok i 2006 imot 3 470 tonn våtorganisk avfall frå Haugesund og kommunane i NGIR, og 3 089 tonn frå kommunane i SIM.

Organisering

SIM er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Representantskapet er det øvste organet i selskapet. Kommunane vel medlemmer til representantskapet, og representantskapet vel styret. Dagleg leiar, administrasjonen og driftspersonellet står for den daglege drifta.

SIM Næring AS er eit heileigd dotterselskap til SIM, medan SIM Transport AS er eit heileigd dotterselskap til SIM Næring AS. Begge selskapa har eiga generalforsamling, eige styre og eigen dagleg leiar.

Representantskap


Folketalet avgjer kor mange medlemmer kvar kommune har i representantskapet. Kommunestyra i medlemskommunane vel medlemmer og personlege varamedlemmer til representantskapet for fire år om gongen, i samsvar med den kommunale valbolken. Dei 23 medlemene er fordelte slik: Austevoll 2, Bømlo 4, Fitjar 2, Kvinnherad 5, Stord 6, Sveio 2 og Tysnes 2.

Representantskapet hadde éitt møte i 2006 (fredag 12. mai) og handsama 12 saker.

Styre

Det er ein styremedlem frå kvar kommune, med personleg varamedlem. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, likevel slik at halvparten står på val kvart år. I tillegg er det ein representant frå dei tilsette. Det er representantskapet som vel styremedlemene, etter at medlemskommunane har peika ut kandidatar.

Styret hadde seks møte i 2006 og handsama 38 saker.



Styret i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Austevoll

Olav P. Årland
(leiar frå 12. mai)

Varamedlem:

Anne Kristine Bakke
(frå 12. mai)

Jane K. Stangeland (til 12. mai)



Bømlo

Magne Rolfsnes

Varamedlem:

Ruth Berny Lønning



Fitjar

Anne Line Innvær

Varamedlem:

Gisle Levåg



Kvinnherad

Øystein Herskedal

Varamedlem:

Jostein Grov



Stord

Berit Ø. Wiersen
(nestleiar frå 12. mai)
Else Berit Helle
(til 12. mai)

Varamedlem:

Leif Steinar Alfsvåg
(frå 12. mai)

Berit Ø. Wiersen (til 12. mai)



Sveio

Svein Nesse
(frå 12. mai)
Magnus Skåden
(leiar til 12. mai)

Varamedlem:

Sigrid Hovda
(frå 12. mai)

Henning Vestvik (til 12. mai)



Tysnes

Grethe Barmen

Varamedlem:

Bente Raknes



SIM

Kjell Egil Hollund
(fagkunnig, utan
stemmerett)

Varamedlem:

Olaf Skram

(frå 1. november)

Trude Vedå (til 12. mai)


Marianne Andersland

(frå 12. mai til 31. okt.)





Kundemottaket i Svartasmoget er ein sentral del av SIM si informasjonsverksemd. Her har kundehandsamarane Trine Tverborgvik (t.v.) og Sissel Lønning sin arbeidsplass.



Faste stillingar i SIM i 2006:

Dagleg leiar:

Driftsleiar innsamling og kommunal drift:

Driftsleiar slutthandsaming av avfall:

Personal og økonomi:

Kundehandsamarar:

Informasjonsmedarbeidar:

Operatør deponi:

Operatør kompost:

Operatør/maskinansvarleg:

Kundehandsamar miljøsentral Svartasmoget:

Kundehandsamar miljøsentral Kvinnherad:

Kundehandsamar miljøsentral Austevoll:

Terje Gilje

Kjell Egil Hollund

Frank Terje Karlsen (til 31. august)

Trude Vedå

Trine Tverborgvik, Marianne Andersland (til 31. oktober)
og Sissel Lønning (frå 18. september)

Torleiv Agdestein (frå 16. mars)

Kristoffer Vik

Einar Breivik

Eivind Eidsnes

Olaf Skram

Ove Tungesvik og Jostein Skåla

Ingjald Birkeland (27% stilling)

Eigarinteresser og dotterselskap



SIM Næring AS

SIM Næring AS er eit heileigd dotterselskap av SIM.

Selskapet tek hand om næringsavfall og farleg avfall frå næringslivet i Sunnhordland og på Haugalandet.

Målsetnaden til selskapet er å gje kundane tilbod om ei heilskapleg og god avfallshandtering.

Per 31.12.06 hadde selskapet 13 fast tilsette. Kontor og sorteringsanlegg ligg i Eldøyane i Stord kommune. Omsetninga i 2006 var på 48,3 millionar kroner. Overskotet etter skatt var på 3,06 millionar.



SIM Transport AS

SIM Transport AS er eit heileigd dotterselskap av SIM Næring AS. Selskapet tek på seg ulike typar transportoppdrag; flest i Sunnhordland og på Haugalandet, men òg andre stader i landet.

SIM Transport AS har kontorfellesskap med SIM Næring AS på Eldøyane, og hadde 38 fast tilsette per 31.12.06. Omsetninga i 2006 var på 35,8 millionar kroner. Underskotet etter skatt var på 229 000 kroner.



SIM Næring AS eig 100 aksjar (2%) i Retura, som er eit administrativt selskap eigd av ulike avfallselskap kringom i landet.

Retura sel avfallstenester til kundar i store delar av landet. Det utførande leddet er eigarselskapa. Omsetninga til Retura i 2006 var på 17,3 millionar kroner.



Slab er eit laboratorium for akvakultur, vatn og mat og vart stifta januar 2004 (tidlegare laboratoriet til Næringsmiddeltilsynet). SIM eig 100 av i alt 1345 aksjar, ein eigardel på 7,4%.

Sørvest Varme AS

Sørvest Varme AS vart skipa i desember 2003 og er eigd av Haugaland Kraft AS, Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS, Karmøy kommune, Haugesund kommune og SIM. SIM eig 764 av 2000 aksjar, ein eigardel på 38,2%.

Selskapet har som mål å greia ut om det er føremålstenleg å byggja forbrenningsanlegg på Haugalandet



Rekom AS er eit aksjeselskap som er eigd av 59 kommunar og interkommunale renovasjonselskap. Desse selskapa har ansvar for hushaldsrenovasjonen til over halvparten av norske hushald. SIM eig 200 av 4882 aksjar i Rekom, ein eigardel på 4,26%.

Føremålet til selskapet er å hjelpa til med omsetning av avfallsfraksjonar som vert samla inn for attvinning, og å forhandla

for å oppnå så gunstige vilkår som mogleg for omsetning av avfallsfraksjonane.

Rekom AS starta opp verksemda si tidleg i 1998. Omsetninga i 2006 var på om lag 140 millionar kroner. Dei største fraksjonane selskapet omset er hushaldspapir og bølgjepapp til materialattvinning, samt trevirke og restavfall til energiutnytting.

Styret si årsmelding

Driftsaktivitet

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS sin hovudaktivitet er innsamling og handsaming av kommunalt avfall, tømning av slamtankar og handsaming av avvatna slam. I tillegg tek selskapet imot avfall frå næringslivet til slutt-handsaming ved komposteringsanlegg eller deponi.

Mengda av innsamla avfall på renovasjonsrutene auka med 1,5% frå 2005 til 2006. Kvar innbyggjar leverte i 2006 366 kilo avfall.

Besøket på miljøsentralane aukar frå år til år, i fjor med 5%.

Kompostanlegget og deponiet behandla meir avfall enn budsjettert. Dermed fekk selskapet lågare kostnader med det kommunale avfallet enn budsjettert.

SIM følgjer opp kundane gjennom spørjegranskingar og klage-registrering. I 2006 vart det registrert få klager, samanlikna med talet på kundar. Slik styret ser det, er kundane godt nøgde med selskapet og renovasjonsordninga.

Økonomi

SIM hadde i 2006 ei inntekt på 64,2 millionar kroner. Årsresultatet var på 5,7 millionar kroner. Av dette var 2,7 millionar finansinntekter.

Selskapet hadde eit overskot på kommunalt avfall på 1,4 millionar kroner. Dette er ført som gjeld i selskapet, avdi pengane tilhøyrer kundane. Renovasjonsfondet var ved

årsskiftet på om lag 8,8 millionar kroner. Fondet vil verta bygd ned når restavfallet i framtida skal brennast.

Slamtømmeaktivitetane hadde eit underskot på 0,1 millionar kroner. Underskotet vert dekkja av tidlegare års overskot på denne tenesta. Slamfondet var ved årsskiftet på om lag 0,5 millionar kroner.

Selskapet har ansvar for å avslutta deponiet på ein tilfredsstillande måte, og for å driva det forsvarleg i 30 år etterpå. For å dekkja framtidige kostnader med dette, vart det i 2006 sett av 0,9 millionar kroner. Det er uvisst om dette er nok, all den tid ein ikkje veit kva krav som vil koma i samband med nytt driftsløye. Styret meiner likevel selskapet er godt budd på framtidige krav, då eigenkapitalen i selskapet er god.

Styret meiner årsrekneskapen gir eit rett bilete av SIM sine eignelutar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Føresetnadene for framleis drift er til stades.

Disponering av overskot

Overskotet på 5,7 millionar kroner vert lagt til selskapet sin eigenkapital.

Finansielle investeringar

SIM har ein investeringsstrategi med låg til moderat risiko. Om lag 10% av midlane er plasserte i aksjefond, det resterande i obligasjonar/penge-marknad. Arbeidsoppgåvene som vert utført på SIM fører heller ikkje lett til yrkesskade, etter det styret kjenner til.

Arbeidsmiljø og personale

Ved utgangen av 2006 hadde SIM 13,3 årsverk. Tre av dei tilsette var kvinner.

Sjukefråveret i løpet av året var på 3,4%. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråver. Arbeidsoppgåvene som vert utført på SIM fører heller ikkje lett til yrkesskade, etter det styret kjenner til.

Selskapet har som mål at det skal vera likestilling mellom menn og kvinner på arbeidsplassen.

Ytre miljø

Sigevatn, grunnvatn og overflatevatn vart overvaka i tråd med miljøstyresmaktene sine retningslinjer og prøvetakingsprogram. System for oppsamling av deponigassar er installert, og innsamla gassar vert avfakla.

Utslepp gjennom sigevatnet var, for dei fleste parametrane, lågare i 2006 enn året før. Ingenting tyder på at grunnvatnet under deponiet er ureina.

Selskapet har faste aktivitetar for å halda skadedyr borte frå fyllplassen. Det er montert nett for å redusera ulempene som fugl medfører. Flygeavfall vert jamnleg rydda bort frå nærområdet, og aktivitetar som kan gje lukt i nærområdet vert følgt opp i samarbeid med naboar til deponiet.

Konsern

SIM-konsernet består av tre selskap; Sunnhordland Interkommunale

Miljøverk IKS, SIM Næring AS og SIM Transport AS.

Morselskapet Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS har sin hovudaktivitet knytt til kommunal renovasjon og slamtømming. SIM Næring AS er 100% eigd av SIM og har som hovudaktivitet drift av avfallsordningar for næringslivet. SIM Transport AS er 100% eigd av SIM Næring AS og utfører transporttenester innan avfallsområdet.

Framtida

Miljøstyresmaktene kjem stadig med nye krav til dei som driv avfallsdeponi. I nær framtid vil det bli eit krav at avfall skal karakteriserast før levering. For oss vil dette medføra strengare kontrollrutinar i mottaket. Fylkesmannen skal utforma nye driftsløyve. Kostnadene med avslutning og etterdrift skal bereknast, og det skal setjast av pengar til desse føremåla.


Det er òg signalisert ei forskrift som gjeld sluttbehandling av restavfall. Dersom forslaget vert vedteke, vil mesteparten av restavfallet måtta brennast frå 2009. SIM har ei tid førebudd seg på at dette kan skje, og vurderer to alternativ: Anten å delta i eit forbrenningsanlegg på Haugalandet, eller å kjøpa desse tenestene andre stader.

Styret kjenner seg trygg på at selskapet også i framtida kan gje kundane ei god og kostnadseffektiv renovasjonsordning.

Fitjar, 26. mars 2007



Olav P. Årland
styreleiar




Berit Ø. Wiersen
nestleiar




Magne Rolfsnes




Anne Line Innvær



Øystein Herskedal



Svein Nesse



Grethe Barmen



Terje Gilje
dagleg leiar



750 skuleelevar var på omvising i Svartasmoget i 2006. Her er det elevar frå Moster skule i Bømlo som svarar på spørsmål frå kundehandsamar Olaf Skram.

Driftsmessige tilhøve

Avfallsmengda

Hentefraksjonane (rest, bio og papir) og avfall frå returpunkta (glas og hermetikk) auka tilsaman med 1,5% frå 2005 til 2006. Totalt auka mengda av hushaldsavfall med 2%.

I alt leverte kvar innbyggjar 366 kg avfall. Attvinningsprosenten var 52.

Næringsavfall til deponi frå SIM-kommunane auka med 13%. Dette skuldast i hovudsak innkøyring av eit gammalt deponi frå Eldøyane næringspark. Næringsavfall til deponi frå andre kommunar auka med 29%, noko som først og fremst skuldast at BIR leverte avfall til SIM to veker i januar.

Miljøsentralane

Talet på kundar som vitja miljøsentralane auka også frå 2005

til 2006. Alt i alt var det 27 987 vitjingar på dei seks miljøsentralane i 2006, og det var 5% meir enn året før. 78% var privatkundar, resten næringslivskundar. Det kom inn 8 153 tonn avfall på miljøsentralane, fordelt på hushalds- og næringslivskundar. Alt i alt kom 30% av hushaldsavallet inn via miljøsentralane.

Hytterenovasjon

Det vert stadig bygd nye hytter i SIM-kommunane og ordninga for hytterenovasjon er under kontinuerleg utvikling. Nye konteinerstader kjem til og kapasiteten på eksisterande konteinerar vert auka. I dei største hyttekommunane var det i 2006 tømning to gonger per veke i heile juli og halve august, mot normalt éin gong i veka i sommarhalvåret. Påskeaftan var det også lagt inn tømning i desse kom-

munane. Oppsummeringa viser at ordninga fungerer betre.

Slamtømming

I 2006 var det tømning av slamavskiljarar for heilårsbustader i Austevoll kommune og både heilårsbustader og fritidsbustader i Fitjar og Tysnes kommunar.

Kompost

I 2006 tok kompostanlegget imot 3 470 tonn våtorganisk avfall frå Haugesund og kommunane i NGIR, og 3 089 tonn frå kommunane i SIM.

Komposten som blir produsert i Svartasmoget kan kjøpast ved alle miljøsentralane i området, og er eit populært jordforbetningsprodukt. Prisen i 2006 var kr 300 per tonn og salet gav ei inntekt på kr 500 000.

Avfall frå næringskundar henta på ruter for hushaldsavfall.

Avfall frå næringskundar vert voge og elektronisk registrert ved hjelp av strekkodar på dunkane. I 2006 kom det inn 923 tonn restavfall, 220 tonn papir og 238 tonn bio.

Informasjon

SIM har også i 2006 halde høgt trykk på informasjonsverksemda. I ei brukarundersøking som vart utført sommaren 2006 svara 97% at dei hadde lese informasjon frå SIM i løpet av det siste året. Ingen andre selskap scora så høgt i undersøkinga.

SIM-nytt, sentralbord, internett, brosjyrar, tømme kalenderar og pressemeldingar har vore dei viktigaste informasjonskanalane i meldingsåret.

Alle heilårsabonnentar mottok i 2006 to utgåver av SIM-nytt. Alle hytteabonnentar fekk tilsendt eit hytteSIM-nytt før påske. Det vart laga seks faldarar som informerte om SIM sine miljøsentralar, ein for kvar sentral. Desse vart sendt ut til husstandar og verksemdar i alle SIM-kommunane i juni. Tømme kalenderen vart sendt ut som eiga postsending etter desember nummeret av SIM-nytt. I samband med slamtømming i kommunane Austevoll, Fitjar og Tysnes vart det sendt ut brosjyrar som informerte om slamtømminga og forventa framdrift.

SIM har som målsetjing å få ny nettstad. Arbeidet med å finna høvande publiseringssystem tok til i 2006. Eksisterande nettstad vert oppdatert ved behov, men ikkje vidareutvikla.

Ved to høve måtte informasjonsmedarbeidaren skriva svarbrev (lesarbrev) for å tilbakevisa feil-

aktige påstandar som var komne fram i aviser.

Profilhandboka vart også i 2006 forbedra og gjort meir brukarvenleg.

Det kom ut 14 nummer av det interne informasjonsbladet Stuttnytt. Bladet går til alle tilsette og styra i konsernet.

Alle klassar på fjerdetrinnet i heile SIM-området får tilbod om å koma til Svartasmoget for å læra om kjeldesortering, attvinning og berekraftig utvikling. SIM betalar reisa. Skuleprosjekt har pågått sidan hausten 2003 og i 2006 var 750 elevar på vitjing. I tillegg kjem andre skulebesøk og vitjingar på hovudanlegget.

SIM har også i 2006 halde fram med avfallsreducerande tiltak som sponing av tøybleier, loppemarknad og eksport av brukte klede til Aust-Europa.

Benchmarking

15 renovasjonsselskap/kommunar vart samanlikna i Norsk Renholdsverksforening sin renovasjonsbenchmarking i 2006. Selskapa, som representerer om lag halvparten av innbyggjarane i landet, vart

samanlikna på effektivitet, kostnader, pris, kvalitet, kundetilfredshet og arbeidsmiljø.


SIM vart rangert som nr. ein av dei 15 selskapa. SIM var best på effektivitet og kundetilfredshet, god på kvalitet og einingskostnad og middels på arbeidsmiljø (sjå illustrasjon).

Brukarundersøking

Norfakta Markedsanalyse AS si brukarundersøking for 2006 viser at SIM er det renovasjonsselskapet som har mest nøgde kundar. Tre av fire SIM-kundar seier seg nøgde med selskapet sine tenester etter å ha fått tenkt seg om og vurdert for og imot.

Kundane er nøgde med systemet for innsamling av dagleg avfall. Viktigaste årsak til at ein evt. ikkje er nøgd, er at det er for sjeldan henting. 6 av 10 har nytta seg av miljøstasjonane og er godt nøgde med den ordninga. 4 av 10 seier dei har kjennskap til kva som skjer med avfallet etter at det er samla inn.

Så godt som alle seier at dei har mottake informasjon frå SIM om selskapet og renovasjonsordninga, og at dei er nøgde med informasjonen dei har fått.



Avfallsmengder


Mengda av hushaldsavfall i SIM-kommunane auka med ca. 2% frå 2005 til 2006. Næringsavfall auka med 10%.

I statistikken over avfallsmengd er det berre teke med avfall som SIM mottok for handsaming. Tala er justerte for meir korrekt deling av hushalds- og næringsavfall.


I alt mottok SIM 20 329 tonn med hushaldsavfall frå medlemskommunane. Attvinningsprosenten var 52, mot 54 i 2005, 47 i 2004 og 48 i 2003.

For fraksjonane rest-, bio- papir-, glas og hermetikkavfall var det ein auke på 1,5% samanlikna med 2005.

Avfall henta heime hos folk:



Mengder til deponi (i tonn):




Resultat frå avfallskontrollar av restavfallet (i %):

Fraksjon	2002	2003	2004	2005	2006
Papp/papir	9,8	7,8	8,9	7,0	10,5
Plast	11,6	16,8	15,9	15,9	19,7
Matrestar	11,4	14,3	21,0	19,4	13,2
Bleier/bind	16,4	11,4	7,5	16,9	12,2
Anna brennbart	33,1	26,1	29,7	21,3	28,5
Glas	4,0	4,7	3,7	4,9	5,0
Metall	3,9	5,2	3,2	4,7	3,2
Anna ikkje brennb	5,2	10,2	4,0	5,8	4,1
EE-avfall	0,8	0,7	1,6	1,4	1,5
Farleg avfall	0,6	1,0	1,2	0,7	0,8
Finstoff	3,6	1,1	3,4	2,0	1,3

Note: SIM kontrollerer med ujamne mellomrom restavfallet. I slike tilfelle vert innhaldet i eit tilfeldig utval avfallsdunkar kontrollert for å sjå om abonnentane sorterer i tråd med retningslinjene. Med uttrykket "farleg avfall" reknar ein heile produktet, ikkje berre den delen av produktet som faktisk er farleg.

Samla avfallsmengder som SIM tek hand om, medrekna heimekompostering (i tonn):



Note: Tala omfattar ikkje t.d. bilvrak og panteordningar for boksar og flasker.

Attvinning

Avfall vert attvunne på tre måtar: Ombruk, materialattvinning og energiutnytting.

Ombruk

Dette er gjenstandar som nokon kastar, men som andre kan gjera seg nytte av. Døme er sykklar, møblar, sportsutstyr, kvite- og brunevarer og klede.

Materialattvinning

Når avfall vert brukt som råstoff i nye produkt kallar ein det materialattvinning. Døme er papir (de-ink) som blir til nytt papir til bruk i aviser/magasin.

Energiutnytting

Når avfall vert brukt som energikjelde kallar ein det energiutnytting. Døme er når tre eller papir vert brukt til oppvarming. I 2006 vart 52 prosent av hushaldsavfallet som SIM mottok frå medlemskommunane attvunne. I tillegg kom avfall som vart samla inn gjennom dei landsomfattande returordningane. SIM har ikkje tilgjengeleg statistikk for desse ordningane, som m.a. femner om pant på boksar og flasker, og EE-avfall som blir levert direkte til seljar.

Heimekompostering


19 prosent av abonnentane komposterer bioavfallet sitt heime. Totalt er det 3 398 registrerte bingar. I tillegg kjem dei 845 kundane som deler kompostbinge med andre. Abonnentar som komposterer heime, slepp å betala for biodunk og bioposar, dei produserer sitt eige jordforbetningsmiddel, og dei treng ikkje reingjera og setja ut biodunken.

Kvar innbyggjar produserer i snitt 75 kilo bioavfall i året. Om me legg dette talet til grunn, vart det heimekompostert 796 tonn avfall i 2006.

Elevane frå Våge skule var skeptiske til kompostjorda som operatør Einar Breivik ville ha dei til å lukta på.



Hushaldsavfall til attvinning (i tonn)



Ikkje så lange stubben frå Leirvik skule til Svartasmoget, men bussturen var likevel topp, meinte desse elevane.



Renovasjonsgebyr

Renovasjonsgebyret som kundane betalar er ein kombinasjon av dunkgebyr (ca. 70%) og abonnementsgebyr (ca. 30%).

Dunkgebyret er likt i alle medlemskommunane. Abonnementsgebyret ut frå SIM er også likt. Likevel betalar kundane ulikt for renovasjonstjenestene. Årsaka til dette er at kommunane legg på abonnementsgebyret for å dekkja sine utgifter med renovasjonsordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune.

Også for hyttekondar er renovasjonsgebyret i utgangspunktet likt.

Årsaka til at betalingsattsane likevel varierer, er den same som over.

Alt i alt er det SIM, og ikkje kommunane, som tek den økonomiske risikoen med endringar i avfallsmengda.

Om målet med gebyrordninga

Målet med gebyrordninga er å få mindre avfall og meir attvinning. Det er i tillegg eit mål for SIM å ha likt renovasjonsgebyr i medlemskommunane.

Gebyra skal dekkja alle kostnadene med renovasjon/slamtømming i


kommunen; både SIM sine utgifter og kommunane sine utgifter. Det er kommunestyret som fastset gebyret i sin kommune.

Abonnentane kan spare gebyr ved:


- å laga mindre avfall, slik at ein treng mindre dunkar og sjeldnare henting
- å heimekompostera våtorganisk avfall
- at fleire abonnentar går saman om å dela dunkar (naboar eller burettslag)

Gjennomsnittleg renovasjonsabonnement i 2007 (i kr, inkl. mva):


(gebyrinntekt til kommunen delt på abonnentar)




Renovasjonsgebyr fritidsbustad i 2007 (i kr, inkl. mva):



Slamtømningsgebyr for heilårshus i 2007 (i kr, inkl. mva)




Kommunalt abonnementsgebyr for hus i 2007 (i kr)



*Kvinnherad har lågare gebyr enn SIM

Dette går gebyret ditt til

(Rekna ut frå eit snittgebyr på 1 680 kroner i 2006)



Tidvis var det problem med for mykje trykkimpregnert materiale i trevirket. Operatør Kristoffer Vik viser trykkimpregnert som er plukka ut.



Resultatrekneskap

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	Resultat 2006	Budsjett 2006	Balanse 2005
Driftsinntekter				
Driftsinntekter		64 170 785	56 091 925	62 305 898
Sum driftsinntekter		64 170 785	56 091 925	62 305 898
Driftskostnader				
Bruk av tenester (transport)		22 272 070	21 027 119	21 550 180
Løn og sosiale kostnader	9	7 269 553	7 262 690	7 285 535
Andre driftskostnader	13	26 920 645	21 209 486	26 426 535
Ordinære avskrivningar	2	4 728 942	5 582 598	4 657 528
Tap på krav		48 461	51 000	84 195
Sum driftskostnader		61 239 671	55 132 893	60 003 973
Driftsresultat		2 931 114	959 032	2 301 925
Renteinntekter		570 089	334 895	256 673
Anna finansinntekt		12 946		
Verdiauke marknadbaserte omlaupsmidler	7	2 471 435	3 205 105	3 264 537
Renteutgifter		335 925		282 116
Netto finanspostar		2 718 546	3 540 000	3 239 094
Resultat før ekstraordinære postar		5 649 660	4 499 032	5 541 019
Ordinært resultat		5 649 660	4 499 032	5 541 019
Årsresultat		5 649 660	4 499 032	5 541 019
Disponering av årsresultat				
Til annan eigenkapital	8	5 649 660	4 499 032	5 541 019
Disponert årsresultat		5 649 660	4 499 032	5 541 019

Balanse

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	2006	2005
Eigneluter			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomter	2	5 481 877	5 481 880
Maskinar og anlegg	2	19 924 176	23 090 608
Inventar og kontorutstyr	2	229 612	275 403
Sum varige driftsmidler		25 635 665	28 847 890
Finansielle anleggsmidler			
Aksjer i dotterselskap	3	2 200 000	2 200 000
Andre aksjar	4	2 145 805	1 672 210
Forskottering vegar	5	16 800 000	16 800 000
Sum finansielle anleggsmidler		21 145 805	20 672 208
Sum anleggsmidler		46 781 470	49 520 098
Omlaupsmidler			
Krav			
Kundekrav	6	3 117 344	7 514 978
Krav på konsernselskap	6	2 750 669	2 826 294
Andre kortsiktige krav		9 833	265 334
Sum krav		5 877 846	10 606 606
Investeringar			
Marknadsbaserte aksjar	7	10 468 735	9 820 845
Marknadsbaserte obligasjonar	7	83 257 115	81 433 570
Sum investeringar		93 725 850	91 254 415
Kontantar, bank	12	30 172 313	15 327 556
Sum omlaupsmidler		129 776 009	117 188 577
Sum eignelutar		176 557 479	166 708 675

Balanse

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	2006	2005
Eigenkapital og gjeld			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	8	173 030	173 030
Sum innskoten eigenkapital		173 030	173 030
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	8	154 215 391	148 565 731
Sum opptent eigenkapital		154 215 391	148 565 731
Sum eigenkapital		154 388 421	148 738 761
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Netto pensjonsskyldnad	9	624 478	421 912
Anna langsiktig skuld	11	12 903 985	10 412 343
Sum langsiktig gjeld		13 528 463	10 834 255
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	6	2 911 667	3 561 570
Skuldig til konsernselskap	6	1 841 972	1 307 125
Skuldige offentlege avgifter	12	3 078 245	1 660 214
Anna kortsiktig gjeld		808 711	606 750
Sum kortsiktig gjeld		8 640 595	7 135 659
Sum gjeld		22 169 058	17 969 914
Sum eigenkapital og gjeld		176 557 479	166 708 675

Kontantstrømoppstilling

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	2006	2005
Operasjonell aktivitet			
Resultat før skattekostnad		5 649 660	5 541 019
Gevinst - sal av driftsmidler		-524 000	0
Ordinære avskrivningar	2	4 728 942	4 657 528
Endring av netto pensjonsskyldnad		202 565	80 714
Endring langsiktig skuld		2 491 643	3 053 664
Endring kundekrav og leverandørgjeld		4 358 203	-2 489 303
Endring i andre tidsavgrensingspostar		1 886 702	2 561 415
Netto straum frå operasjonell aktivitet		18 793 715	13 405 037
Investeringsaktivitet			
Innbetaling - sal av driftsmidler		524 000	0
Utbetaling ved kjøp av driftsmidler	2	-1 516 717	-1 208 447
Endring i andre investeringar	4,5,7	-484 805	-4 779 596
Auke i verdi på aksjar og obligasjonar	7	-2 471 436	-3 264 537
Netto straum frå investeringsaktivitet		-3 948 958	-9 252 580
Netto endring i kontantar og bank		14 844 757	4 152 457
Behaldning av kontantar og bank 1.1.		15 327 556	11 175 099
Behaldning kontantar og bank 31.12.		30 172 313	15 327 556

Fitjar, 26. mars 2007.




Olav P. Årland
styreleiar




Berit Ø. Wiersen
nestleiar




Magne Rolfsnes



Anne Line Innvær



Øystein Herskedal



Svein Nesse



Grethe Barmen



Terje Gilje
dagleg leiar

Konsernrekneskap

SIM konsern

	Note	2006	2005
Driftsinntekter			
Driftsinntekter		106 565 345	98 393 937
Sum driftsinntekter		106 565 345	98 393 937
Driftskostnader			
Bruk av tenester (transport)		23 907 413	20 102 128
Løn og sosiale kostnader	9	33 496 821	33 178 383
Andre driftskostnader	13	30 467 308	29 202 793
Ordinære avskrivningar	2	11 012 865	10 219 225
Tap på krav		230 711	441 824
Sum driftskostnader		99 115 118	93 144 353
Driftsresultat		7 450 227	5 249 584
Netto finansposter			
Renteinntekter		583 663	272 021
Anna finansinntekt		23 658	0
Verdiauke marknadsbaserte omlaufsmidler	7	2 471 435	3 264 537
Renteutgifter		1 461 366	1 077 599
Andel resultat i tilknyttete selskap		236 530	138 170
Annan finanskostnad		119 183	17 324
Netto finansposter		1 261 677	2 303 465
Resultat før skatt og e.o. poster		8 711 904	7 553 049
Årets skattekostnad	10	1 093 307	643 235
Ordinært resultat		7 618 597	6 909 814
Årsresultat		7 618 597	6 909 814
Disponering av årsresultat			
Til annan egenkapital	8	7 618 597	6 909 814
Disponert årsresultat		7 618 597	6 909 814

Konsernbalanse

SIM konsern

	Note	2006	2005
Eigneluter			
Anleggsmidler			
Immaterielle eigneluter			
Goodwill	2	9 151	594 200
Sum immaterielle eigneluter		9 151	594 200
Varige driftsmidler			
Tomter	2	13 735 900	11 205 000
Maskinar, bygg og anlegg	2	19 924 176	30 980 952
Bilar	2	22 048 050	17 259 632
